# Søknad om skilsmisse etter to års samlivsbrot
**(etter ekteskapslova § 22)**

- Dersom samlivet har vore brote i minst to år, kan kvar av dykk krevje skilsmisse ved å fylle ut dette skjemaet. Fylkesmannen har kun myndigheit til å behandla søknad om direkte skilsmisse når dykk er einige om at samlivet har vore brutt i minst to år.

- Les rettleiinga bak nøye.

| **Til Fylkesmannen i** |
|---|
| Sjå rettleiinga pkt. 2 |

Tøm skjema

| **Den eldste ektefellen** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Fødselsnummer (11 siffer) | Etternamn, for- og mellomnamn | | | |
| Bustadadresse | | Postnummer | Poststad | |
| Bustadkommune | Statsborgarskap | Telefon | E-postadresse | |

| **Den yngste ektefellen** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Fødselsnummer (11 siffer) | Etternamn, for- og mellomnamn | | | |
| Bustadadresse | | Postnummer | Poststad | |
| Bustadkommune | Statsborgarskap | Telefon | E-postadresse | |

| **Vigsel** | |
|---|---|
| Kvar blei ekteskapet inngått? De må leggje ved vigselsattest dersom ekteskapet er inngått i utlandet. | Vigselsadato |

| **Felles bustad - sjå rettleiinga pkt. 2** |
|---|
| Den siste felles bustadadressa dykkar? |

| **Samlivsbrot/faktisk separasjon – sjå rettleiinga pkt. 1** | | |
|---|---|---|
| Samlivet blei heva (dato) | Har samlivet vore teke opp att? ☐ Nei ☐ Ja | Dersom ja, i kva tidsrom? |

| **Stadfesting frå vitne** |
|---|
| I samband med søknaden må stadfesting frå vitne fyllast ut (side 3). Erklæring må ikkje vere meir enn fire månader. |

| **Separasjonsløyve – sjå rettleiinga pkt. 2 og 3** | |
|---|---|
| Har det tidlegare vore gitt separasjonsløyve eller dom for separasjon mellom dykk? | ☐ Nei ☐ Ja |
| Dersom ja, kva tid og ved kva domstol eller Fylkesmann? | |
| Har nokon av dykk gått til sak ved domstol med krav om separasjon eller skilsmisse utan at søksmålet seinare er trekt tilbake? | ☐ Nei ☐ Ja |
| Dersom ja, kva tid og ved kva domstol? | |

| Felles barn under 16 år – sjå rettleiinga pkt. 3 | | |
|---|---|---|
| Namn | Adresse | Fødselsdato |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |

**Hugs å sende med meklingsattest dersom de har felles barn som ikkje har fylt 16 år. Attesten er gyldig i seks månader.**

| Eg/Vi krev skilsmisse etter ekteskapslova § 22 | | | |
|---|---|---|---|
| **Den eldste ektefellen** | | **Den yngste ektefellen** | |
| Stad | Dato | Stad | Dato |
| Underskrifta til den eldste ektefellen | | Underskrifta til den yngste ektefellen | |
| **Korleis vil du ha vedtaket tilsendt?** Sjå rettleiinga pkt. 4<br>☐ Som ordinær post<br>☐ Forkynning med mottakskvittering, ev. rekommandert | | **Korleis vil du ha vedtaket tilsendt?** Sjå rettleiinga pkt. 4<br>☐ Som ordinær post<br>☐ Forkynning med mottakskvittering, ev. rekommandert | |
| **Klage** - sjå rettleiinga pkt. 5<br>Eg seier frå meg retten til å klage over at skilsmisseløyve blir gjeve ☐ Ja ☐ Nei | | **Klage** - sjå rettleiinga pkt. 5<br>Eg seier frå meg retten til å klage over at skilsmisseløyve blir gjeve ☐ Ja ☐ Nei | |

| Stadfesting av underskrift | | | |
|---|---|---|---|
| **Stadfesting av den eldste ektefellens underskrift** | | **Stadfesting av den yngste ektefellens underskrift** | |
| Under skal to myndige personar, eventuelt ein advokat eller ein offentleg tenestemann stadfeste den eldste ektefellens underskrift ETTER at den eldste ektefellen har skrive under. | | Under skal to myndige personar, eventuelt ein advokat eller ein offentleg tenestemann stadfeste den yngste ektefellens underskrift ETTER at den yngste ektefellen har skrive under. | |
| Vitne 1 | | Vitne 1 | |
| Stad | Dato | Stad | Dato |
| Underskrift | | Underskrift | |
| Fødselsnummer (11 siffer) | | Fødselsnummer (11 siffer) | |
| Adresse | | Adresse | |
| Vitne 2 | | Vitne 2 | |
| Stad | Dato | Stad | Dato |
| Underskrift | | Underskrift | |
| Fødselsnummer (11 siffer) | | Fødselsnummer (11 siffer) | |
| Adresse | | Adresse | |

**Vedlegg (må ligge føre i original eller stadfesta kopi)**

- Vigselsattest (kun dersom ekteskapet er inngått i utlandet)
- Meklingsattest - For partar med felles barn som ikkje har fylt 16 år. Attesten er gyldig i 6 månader.
- Stadfesting frå vitne (side 3)

# Stadfesting frå vitne

gitt som bevis i skilsmissesak mellom

| **Namna til ektefellane** | |
|---|---|
| Den eldste ektefellen | Den yngste ektefellen |

som blir behandla av Fylkesmannen i

| |
|---|
| |

Vi, de underskrevne kan med dette stadfeste at ektefellane
har levd frå kvarandre i minst to år frå dei flytta frå kvarandre.

| **DATO da partane flytta frå kvarandre** |
|---|
| |

Vi stadfestar at partane ikkje seinare har flytta saman.

Før vi har skrive under denne erklæringa har vi lese «Rettleiing til ektefellar som søkjer skilsmisse», eller på annan måte sett oss inn i vilkåra for at skilsmisse kan gis.

Vi er kjent med at falsk forklaring kan føre til straff av fengsel opptil 2 år.

| **Stadfesting frå to myndige personar som kjenner ein eller begge partar** | |
|---|---|
| Vitne 1 | Vitne 2 |
| Namn | Namn |
| Adresse | Adresse |
| Fødselsnummer (11 siffer) | Fødselsnummer (11 siffer) |
| Kjenner<br>☐ Den eldste ☐ Den yngste ☐ Begge | Kjenner<br>☐ Den eldste ☐ Den yngste ☐ Begge |
| Stad / Dato | Stad / Dato |
| Underskrift | Underskrift |

**Stadfesting frå vitne må ikkje vere eldre enn FIRE månader når Fylkesmannen mottar søknaden.**

Dersom Fylkesmannen kjem til at det er nødvendig for å opplyse saka, kan vitna kallast inn til personleg møte. I dei tilfella der det er mest føremålstenleg, kan dette møtet skje ved ein annan offentlig instans der vedkommende bur, jf. forskrift av 18. november 1992 nr. 981 om saksbehandlingen for Fylkesmannen ved separasjon og skilsmisse m.v.

# RETTLEIING TIL EKTEFELLER SOM SØKER SKILSMISSE ETTER TO ÅRS SAMLIVSBRUDD UTEN DOM ELLER BEVILLING

Etter ekteskapslova § 22

**1. Kven kan søkje om skilsmisse?**
Kvar av ektefellane kan krevje skilsmisse dersom samlivet har vore brote i minst to år, og ektefellane er **einige** om at samlivet har vore brote i minst 2 år.

Dersom den ene av dykk på grunn av arbeid eller anna forhold har teke opphald utanfor felles heim, reknas to-årsfristen først frå det tidspunkt det oppsto brot mellom ektefellane. Vanligvis vil samlivsbrotet reknes frå det tidspunktet den eine ektefellen gir melding til folkeregistermyndigheten om flytting til ny adresse.

**2. Kven behandlar søknaden?**
Søknad om skilsmisse skal behandlast hos Fylkesmannen i det fylket der de sist budde saman. Dersom begge har flytta frå dette fylket, skal saka behandlast der ein av dykk bur.

Fylkesmannen kan ikkje behandle saka dersom ho allereie er ført inn for retten.

**3. Obligatorisk mekling**
Dersom de har felles barn under 16 år, må de gjennomføre mekling. Formålet med meklinga er at de skal komme fram til ein avtale om foreldreansvar, kvar barnet/barna skal bu fast og samværsordningar. Meklinga er obligatorisk sjølv om de er einige om ei ordning for barnet/barna.

Desse instansane kan utføre meklinga:

- familievern- og familievernrådgivningskontor
- enkelte prestar
- tilsette i helse- og sosialsektoren
- pedagogisk- psykologisk tenestekontor
- advokatar

Bufetat eller familievernet kan orientere nærmare om dette.

**4. Forkynning**
Vedtaket om skilsmisse kan bli sendt dykk som ordinær post eller ved forkynning. Forkynning av vedtaket vil seie at det anten blir sendt i vanleg brev med ei mottakskvittering som skal sendast i retur til Fylkesmannen, eller som rekommandert post. Eventuelt kan forkynninga skje ved hjelp av stemnevitne, jf. domstollova § 165.

**5. Klage**
De kan klage på Fylkesmann sitt vedtak om å gi løyve til skilsmisse innan 3 - tre – veker til Barne,- ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir).

De kan seie frå dykk retten til å påklage vedtaket. Dette inneber i så fall at skilsmissen får verknad straks Fylkesmannen har gjort vedtak om skilsmissen, og løyve kan sendast dykk straks.

Dersom ein av dykk ønskjer å gå til sak om gyldigheita av Bufdir sitt vedtak må sak reisast innan ein månad etter at vedtaket blei forkynt.

## Aktuelle spørsmål i samband med skilsmisse

**Etternamn**
Etter ein skilsmisse beheld de det etternamnet de hadde i ekteskapet. Den som ønskjer å endre namn, må sende skjema «Melding om endring av navn» sendes til skatteetaten. For meir informasjon sjå rundskriv G-20/2002 om lov om personnavn 7. juni 2002 nr. 19 (namnelova) eller kontakt skattekontoret, www.skatteetaten.no.

**Kva skjer med barna?**
Dersom de har barn må dykk ta stilling til om dykk framleis skal ha felles foreldreansvar, kven skal barna bu saman med og korleis skal de organisere samværsretten. Det er viktig å ha fokus på kva som er best for barna dykkar. Frå barnet er 7 år har det rett men ikkje plikt til å uttala seg om desse spørsmåla. Dette er vanlege spørsmål i samband med den obligatoriske meklinga. Den beste løysinga er oftast ein avtale mellom dykk. Avtalen bør setjast opp skriftleg slik at det ikkje seinare oppstår usemje om kva de har avtalt.

Det følgjer av barnelova at dersom de er einige om det, kan de avtale at barnet/barna skal bu fast saman med dykk begge, sjølv om de bur kvar for dykk; altså ei ordning med delt bustad.

**Kva gjer vi med underhaldsbidrag til barn og ev. ektefelle?**
Ein avtale mellom dykk er som oftast den beste løysinga. Dersom de ikkje blir einige om bidraget, er det NAV lokalt som fastset det. Mer informasjon om bidrag finner de på www.nav.no.

NAV lokalt gir opplysninger om innkrevjing av bidrag (også om bidrag som er avtalte), forskottering og indeksregulering av underhaldsbidrag til barn.
NAV lokalt gir også opplysningar om stønad til einslege forsørgjarar.

**Korleis skal vi fordele verdiane vi har skaffa i fellesskap?**
Vanlege spørsmål er kven som skal halde fram med å bu i fellesbustaden, og korleis møblar, bilar og andre gjenstandar skal fordelast. Også her er det beste oftast ein skriftleg avtale. Om de ikkje blir einige, må desse spørsmåla avgjerast av domstolen (skifteretten) på staden der de er busette.

**Kva tid kan eg inngå nytt ekteskap**
De kan ikkje inngå nytt ekteskap før de har fått skilsmisseløyve. Det er ein hovedregel at før nokon av dykk kan inngå nytt ekteskap, må skifte av tidlegare fellesbu vere påbegynt eller gjennomført, se ekteskapslova § 8.

**Kven kan gi meir informasjon**
NAV lokalt gir opplysningar om innkrevjing av bidrag (også om bidrag som er avtalte), og om forskottering og indeksregulering av underhaldsbidrag til barn.
NAV lokalt gir og opplysningar om stønad til einslege forsørgjarar.

Fylkesmannen gir nærare informasjon om dei rettsreglane som gjeld i samand med separasjon og skilsmisse, samt om moglegheita til å søkje fri rettshjelp i familiesakar.

## Aktuelle lovar

Lov av 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap.
Lov av 21. februar 1930 om skifte.
Lov av 29. april 2005 nr. 20 om innkrevjing av underhaldsbidrag mv.
Lov av 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskot.
Lov av 28. februar 1997 nr. 19 kap 15 om stønad til einsleg mor eller far.
Lov av 7. juni 2002 nr. 19 om personnamn.
Lov av 8.april 1981 nr. 7 om barn og foreldre.

## Aktuelle brosjyrar

«Separasjon og skilsmisse»
«Foreldreansvar og samværsrett»
«Det økonomiske forholdet mellom ektefeller»
«Mekling for foreldre»
«Barns rett til å bli hørt ved samlivsbrudd»
«Hva med min mening da?»

Brosjyrane får de tak i hjå Fylkesmannen eller på nettsidene www.regjeringen.no

## Ordliste

**Løyve –** tillatelse, bevilling
**Offentleg tenestemann –** arbeidstakar som er ansatt i statens eller kommunens teneste
**Skifte** (av tidligere fellesbu) **–** oppgjer, deling
**Stemnevitne –** tenestemann som kan ta seg av forkynning av rettslege dokument, for eksempel ein lensmann
**Myndig person –** person over 18 år